

KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 7

Desember 1995

49. årg.



Barnekoret Regnbuen i Dale Kyrkje jul 1994.

Foto: Reidar Takvam

Eg er så glad kvar jolekveld,
for då vart Jesus fødd.
Då lyste stjerna som ei sol,
og englar song så søtt.

Det vesle barn i Betlehem,
han var ein konge stor,
som kom frå høge himmelborg,
ned til vår arme jord.

Å, gjev eg kunne syngja så,
då vart visst Jesus glad,
for eg vart òg Guds kjære barn,
ein gong i dåpens bad!

Eg er så glad kvar jolekveld,
så glad i Jesus Krist,
og at han også elsker meg,
det veit eg sant og visst.

Marie Wexelsen o/Bernt Anker

GLEDELEG JUL

Det er med ein viss vemod eg sit og skriv denne leiaren før jul i år. Grunna at eg første halvår i nittiseks skal gå på bibelskulen på Bildøy, har eg søkt permisjon frå kyrkjebladet neste halvår.

I skrivande stund er det ikkje klart kven som skal ta over medan eg har permisjon. Eg vonar det ikkje skal vera vanskeleg å finna ny redaktør, det er ikkje noko heksekunst. Det er berre å gå på med krum hals.

Jula er den tida då dei som er einsame ofte vert endå meir einsame. Lat oss alle gjera noko med det. Ei lita vitjing, eit lite smil eller vink.

Lat oss i alle fall setja oss som mål at jula sin verkeleg hovudperson vert sett i sentrum. Han spurde ikkje etter kva han fekk, men kva han kunne gje. Og han gav alt for oss.

Med desse vesle tankane vil eg takka for fylgjet så langt og ynskja kvar og ein ei gledeleg julehøgtid og eit velsigna nytt år.

Ragnvald Kringlebotten

NY KAPELLAN

Som alle veit har me fått ny kapellan, og frå nå heiter det kapellan og ikkje residerande kapellan. Bård-Egil Dyrhol tek til i den nye stillinga 9. januar, og vert sett inn i tenesta ved gudsteneste i Vaksdal kyrkje 14. januar med både prost og sokneprest til stades.

Gudrun Boge Karlsen som har vore prestevikar slutta i den stillinga 10. desember for å ta til som vikar for Døvekapellan i Nord-Noreg. Ho skal ha utgangspunkt i Tromsø, men ho skal dekkja alt frå Saltfjellet og Nordover. Me takkar henne for tida i Vaksdal og ynskjer lukke til i nord.

Frå 11. desember til 30. desember vil Jon G. Abelsæth, som bur i Bergen vera vikar. Han kan de ringja til på 56 59 70 88 eller privat 55 32 61 69. Ta vel mot han.

R.K.

STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome redaktøren i hende innan 19. januar 1996.

Bladet kjem ut i veke 7 som byrjar med 12. februar.

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Vaksdal prestegjeld

Sokneprest Frode Kvamsøe tlf. 56 59 61 20.

Kapellan Bård-Egil Dyrhol, frå 9. januar

1996. Tlf. 56 59 70 88.

Kontorfullmektigen er på kontoret tysdag, onsdag og torsdag kl. 9-13.

HUGS - måndag er presten sin fridag.

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda

Bladpengar: kr. 60,-

Annonsepris: kr. 2,20 pr. sp. mm.

Postgiro: 0808 57 23 4 73

Bankgiro: 3500.50.13 117

Bladstyrar: Ragnvald Kringlebotten, 5273 Stanghelle. (Permisjon vår 96).

Kasserar: Asle Georg Karlsen, Boge, 5270 Vaksdal. Tlf. 56 59 72 32.

Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S,

5610 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.

Retur til Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese

TA PÅ MISJONSBRILLENE!

Biskop Hagesæther har nettopp skreve brev til prestane våre. Han ber dei ta på misjonsbrillene når dei preikar i 1996.

No følgjer han opp med ei skikkeleg oppfordring til oss alle:

Ta misjonsbrillene på når du les i Bibelen!

Det er ein spanande og utfordrande måte å lesa på. Dei gamle private brillene kan ein leggja i skuffa for ei tid. Vi leitar ikkje berre etter trøyst for oss sjølve og tuktt for naboen sine barn. Vi leitar etter Guds vilje til misjon. Vi finn kallet og løfta og formaningerne alle stader. Med misjonsbrillene på nasen vert vi utfordra nesten kvar vi grev i Bibelen!

Sjå på juletekstane, til dømes: "Alle som tok imot han, dei ga han rett til å verta Guds barn - dei som trur på namnet hans." (1. juledag, Joh. 1,13). Sett med misjonsbriller, er det også klart at dette kan ikkje berre gjelde meg og mine! Eller 2. juledag: "Den som kjennest ved meg for menneska, han skal eg òg kjennast ved for Far min i himmelen" (Matteus 10,32) "Menneska" bur over alt i verda. Vi veit det, men kjem ofte ikkje på det utan misjonsbrillene.

Ta på misjonsbrillene når du ser på TV!

Kven kan engasjera seg i dei tusener av ukjente menneske vi ser flyt forbi oss i løpet av ein lang kveld framføre skjermen? Ikkje vil eg og ikkje kan eg. Men med misjonsbrillene på, hender det noko med meg. Først registrerer eg at dette er menneske Gud er glad i. Og så kjem eg på misjonsbefalinga, som sender oss ut for å gjere dei kjende med at Gud ventar på dei. "Fred over jorden, menneske, fryd deg! Oss er en evig frelser født!" Til og med julesalmane vert utfordrande med nye briller!

Ta misjonsbrillene på når du ryddar i lommeboka!


I far min si lommebok var det mange rom. Eit av dei høyrte misjonen til, det veit eg. Når han arkiverte månadsløna, var det alltid noko som skulle i misjonsrommet.

Og derifrå skulle det til misjonsselskapa, det var klinkande klart. Misjon er nemleg ikkje berre varme ynskje for jula og det nye året. Det er trufast medarbeidarskap som forpliktar.

Dei vise menn frå Østerland, hadde med seg rike gåver til Jesusbarnet. Truande menneske frå Vesterland skal også bera med seg gåver til Frelsaren. Adressa er framleis Betlehem, der Israelmisjonen arbeidar. Eller Kamerun, Bangladesh, Nepal og Hong Kong der norsk misjon gjer ein nydeleg innsats.

Julegåvetips til den som har alle ting: Misjonsbriller!

Ole D. Hagesæter Biskop



Biskop Hagesæther
Foto: Sjøvoll

Eit barn er oss født

For eit barn er oss født, ein son er oss gjeven. Herreveldet kviler på hans aksler og han kallast: Underfull Rådgevar, Veldig Gud, Evig Far, Fredsfyrste
(Jesaja 9,6)

I vekene før jul er det mykje reklame i avisene for å fortelja oss om dei finaste julegåvene: - rikeleg utval for ein kvar trong og for alle aldersgrupper. Eit firma baud fram ei spesiell gåve til jula sine hovudpersonar. Ut frå samanhengen skjøna vi at det var barna dei tenkte på.

Omgrepet "hovudperson" er henta frå litteraturen. Romanen har hovudpersonar, film og drama har hovudroller.

I jula sitt drama dreier det seg ikkje fyrst og framst om barna, men om barnet.

Eit barn er oss født.

Gud har sjølv regien i dette dramaet. For at profetiane om Messias skulle oppfyllest brukar Gud ulike personar i mindre rollar. Maria har fått den største birollen.

Jesaja skriv: "Sjå, ei jomfru skal verta med barn: ho skal føda ein son og gje han namnet Immanuel".

Keisar Augustus var nok ikkje klår over at han var med på å oppfylla ein profeti med å lysa ut manntalsinnskrivning slik at Davidsætta var samla i Betlehem på dette tidspunktet. Kongane frå Saba, med dyre gåver, er òg omtala i Det gamle testamentet. Englane og hyrdingane har sine roller...osv....

Eit drama har oftast fleire akter. Kvar akt har si historie og innhald, men dei ulike aktene er òg avhengige av kvarandre.

Slik er det òg i dramaet i Bibelen, den eine akta er avhengig av den andre. Kva var vel jula utan påske? Og korleis kunne me ha påske, om det ikkje fyrst hadde vore jul der Gud vart menneske?

Innhaldet i drama og roman er ikkje verkeleg. I beste høve kan det gje oss eit bilete på røyndomen. Juleakta er ikkje skodespel, der me

kan oppleve julekortromantikken om barnet på Maria møy sitt fang på fråstand. Nei, det røyndom. Og det skjedde..... Det er eit faktum. Gud har openberra set ved å senda Sonen til jorda som menneske i kjøt og blod.

Kven er denne Sonen? Bibelen nemner han med mange namn. I denne tida fortalde namnet langt meir om personen enn vi opplever i dag.

"Du skal gje han namnet Jesus; for han skal frelsa folket sitt frå syndene deira".

Vågar du vera med i denne røyndomen? Vil du leva dette livet? Du treng ikkje frykta. Du treng ikkje vera redd og motlaus. Fredsfyrsten kjem til deg. Han er vår fred. Han gjev oss ein fred som er av ein annan kvalitet enn den verda kan gje oss.

Du skal sleppa sjå deg rådvill ikring. Du har ein Underfull Rådgevar som kan rettleia deg og visa deg vegen. Han kjenner vegen. Han har sjølv gått den. Ja, han er sjølv Vegen.

Kjenner du deg svak og utan krefter? Messias kallast Veldig Gud. Han har fått herreveldet lag på sine aksler. Jesus har fått all makt i himmel og på jord. Han brukar ikkje den makta til å herska over oss, men støttar ein kvar som fell, og reiser opp alle nedbøygde.

Me skal få av hans kraft. Me skal ikkje vera passive statistar, men aktivt vera med å fortelja om barnet, om Jesus - Frelsaren, slik at alle kan koma til tru på han.

Barnet vart kalla Evig Far. Han elsker oss med ein evig kjærleik. Den evige Far tek i mot oss med grenselaus kjærleik og tilgjeving. Hå han er det trygt å vera. Den som har gjeve livet sitt til han, kan feira jul med den rette gleda. Då kan me saman med barna gleda oss som barn over Barnet.

Velsigna jul med Jesus som hovudperson!

Gudrun Boge Karlser



JUL

Jul er ikke romantikk eller åndelig mystikk, men skaperen som ble vår bror - Gud ble menneske på jord.

Barn på leting etter far fikk ved julenatt det svar: Gud er ikke fjern og vred, Han kom til jorden med sin fred.

Jøde og greker skal bli venner, Mell og fri forener hender. Kvinne og mann står med oppreist nakke, sverd og spydspiss skal smies til hakke.

Ved Kristus skapes den nye tid, hvor vennskap og fred skal ta plassen for splid. Han er kjærlighetens tolk som skaper et frigjort folk. Han er det sanne og synlige ord, Guds ansikt åpenbart på jord.

Det eneste svar du kan gi tilbake er samhörighet med de svake.

Helge S. Schmidt
Kirkens Nødhjelp



DIKT-REKORD

Alle diktsamlingane hennar er selde i meir enn fem tusen eksemplar. Dette opplyser Sambåndet Forlag i samband med at Haldis Reigstad kjem med ei ny lita diktsamling. Boka er kallar "Leirkrukka". Ho er dermed den mest-seljande norske forfattaren i kategorien dikt og poesi.

-Dikt til hjelp og oppmuntring, seier forlagssjef Ingar Hjelset om samlinga hennar.

KPK

BARN - EIN RESSURS

-Eg er overtydd om at barna har eit enormt potensiale som kyrkjelydane ikkje har vore flinke nok til å utnytta. Både i Bibelen og i saga er det mange døme på at Gud har brukt barn, og Jesus vende seg ofte til dei. Marianne Tvetene i Nytt frå Oase seier dette.

Når det gjeld spørsmålet om korleis dei vaksne kan ta barna si tru på alvor, svarar ho:

-Ved å gje barna utfordringar, ikkje berre bibel- søge og kunnskap om Jesus. Den beste måten å gjera det på er å dra Jesus-tilhøvet inn i kvardagen og gjera det naturleg å be saman.

KPK

MISJONSTID

Det er tid for misjon.

I 1000 år har ljuset frå Jerusalem varma oss. Enno lever mange i mørke og kulde.

Lat fleire høyra, kjenna og tru på han som er ljuset i verda





John Ove, Bjarne og Geir Bjarte Thaule på fader Bjarne sin 90-årsdag i sommar

3 X Thaule

Bjarne, John Ove og Geir Bjarte Thaule er frå Dale. Fader Bjarne har budd på Dale alle sine over 90 år, dei to sønene flytta då dei skulle ta til å studere.

Dei har ulike tenester i kyrkja vår, noko deira utdanning og arbeid skulle tilseie. Senior har vore søndagsskulelærer i mange år, og han har vore klokkar. Arbeidsplassen hans var Dale Handelsforening. John Ove er sokneprest i Vossestrand. Geir Bjarte er utdanna diakon, og arbeider no på Nærlandsheimen på Jæren, ein institusjon for psykisk utviklingshemma. Kva tenkjer dei om ulike spørsmål, og korleis vil dei med sine ulike tenester svara på desse i forhold til kvarandre? Kyrkjebladet utfordra dei til å svare kvar for seg på nokre spørsmål omkring kyrkje og kristendom, og sette svara saman til dette intervjuet:

Kva betyr det for oss idag at vi har hatt 1000 år med kristendom i landet?

Bjarne (B): Når vi ser kva kristendomen har verka til med kyrkje, bedehus og kristne skular, burde vi takke, og endå meir halde kristendom i akt og ære.

John Ove (JO): Kristingsverket av Noreg, var resultat av misjon. Vi må sjå stort på kva misjonen, forkynninga av evangeliet, kan gjere for folk og nasjonar i dag og. Jubileet gjev oss grunn til frimod med å føre stafetten vidare, både heime og ute.

Geir Bjarte (GB): Det er ikkje sjølvsagt at vi får ha det slik, det er eit privilegium. -Korleis hadde det vore utan kristendomen desse åra?

Korleis opplever de Den norske kyrkja i dag.

GB: Den norske kyrkja er ein storfamilie vi er født inn i på godt og vondt. Ser ein isolert på dagens debatt, er det spenningar, men det fins og mange glade kristne.

B: Det er eit vonbrot at så mykje vranglære er komen inn i kyrkja, men det var eit lyspunkt når vi fekk den avgjerda Kyrkjemøtet kom til i homofilisaka.

JO: Det er ikkje motstand frå kyrkjekritisk hald som er farleg for kyrkja, men når ho vert markspist innanfrå. Eg vonar at seinare tids "bøljer" kan hjelpe til at ein igjen rettar kursen i rett retning og at kyrkja får vera lojal mot sin Frelsar og Herre.

Kva kan ein gjere for å samle fleire folk til gudstenester og andre samvær?

GB: Ved å skape tryggleik, openheit, slik at dei føler seg velkomne. Ein kan óg engasjere fleire menneske, slike som har tillit hjå folk.

JO: Kyrkjelyden sjølv må verta flinkare til å vise omtanke for kvarandre og vise at ein set pris på kvarandre, slik at menneska syns det er kjekt å kome saman i Guds hus.

GB: Det er viktig å tenkja på "mellomgenerasjonen" i opplegget, dei som har eller har hatt barn og som ikkje har høve til å kome når noko skjer. Til dømes må ein gjere det når det gjeld tidspunkt for møter. Når den generasjonen ikkje kjem på møtene, vil dei etter kvart forsvinne frå forsamlingane.

B: Vi burde gå ut og oppmuntre folk til å kome på dei kristne samværa.

Kva kan vi gjere for å få bort generasjonskløfta i kyrkjelydane våre?

B: Det er ei oppgåve som dei eldre og dei yngre må drøfte saman.

GB: Vi må vere bevisst på den oppveksande generasjon, det er dei som skal føre arbeidet vidare. Det enkelte samvær må gje rom i innhald som tiltalar unge og eldre, så får romslegheita vere stor på begge sider. Ein må forkynne "Jesus i kvardagen", han har noko til alle generasjonane.

JO: Vi som er prestar må vere flinke til å ta omsyn til alle generasjonane i gudstenesta.

Kva er dei viktigaste oppgåvene for den kristne kyrkja i tida framover, lokalt og globalt?

JO: Kyrkja er sett til å vere det Bibelen kallar "surdeig", det vil seie å verke med å gjennomsyra samfunnet. Det gjer vi ikkje ved å la gallup og folkemeining verte rådande, men ved å la Bibelen vere rettesnor for liv og lære.

GB: Vi har eit globalt medansvar for jorda vi lever på. Vi treng å samle alle gode krefter på tvers av kyrkjesamfunna, forkynne misjon inn i nærmiljøa, "leite fram" dei som bekjenner trua på Jesu namn. Vi må vere ivrige til å fortelje kva og kven ein trur på, slik ein elles fortel om det ein er opptatt av, og formidle den kristen trua i glede.

B: Den viktigaste oppgåva kyrkja har, er å få rettruande vitne, som byggjer åleine på det

skrevne ord. Over det heile ser eg ei løysing ligg i det at vi saman eller åleine ber Gud om å sende oss vekkjing.

MOT JUL

Somren er borte,
dagene korte,
men gjennom mørke, tåke og regn.
Hist i det fjerne,
lyser en stjerne,
Betlehemsstjernen, det himmelske tegn.

Snart skal vi høre,
klokkene føre,
budskap om høytid i hjemmene inn.
Klart skal det klinge,
inn skal det ringe,
julen for alle - i hjerte og sinn.

Granen vi tenner,
atter vi kjenner,
julens vidunderlig barnslige fryd.
Intet oss tynger,
medens vi synger,
julekveldssangen med jublende lyd.

Margrethe Munthe



JOL I SAMUELS- TUNET PÅ DALEGARDEN

Kyrkjebladet har bede Kristi Viksund fortelja om jolefeiring på Dalegarden på 20-talet, og ho fortel her med egne ord.

Tenkjer eg tilbake på gamledagar og jolehøgtida, er det med fred og glede i sinn og tankar. Farfar hadde eit merke som han snakka om. Elleve dagar frå Monsmøss til jul. Då skulle førebuingane vera i sving. På ein gard var det ikkje berre ein, men mange ting som skulle gjerast. Slakt, vask og vøla. Hus klede og matsjorn. Alt var heimelaga og vel tilstelt. Vi born var med i det vi kunne setjast til med forventning og glede. Vi hadde ikkje innlagt verken ljøs eller vatn, så det var tungvint i dei dagar. Men vesle jolaftan var storestampen komen på kjøkken. No vart det bading og fjelging av store og små og som oftast nylaga ty til oss alle. Det var også ekstra stell av lampar med nye veikar og reinvaska lampeglass. Mor la reine stiva dukar på bord og hylle. Kappar på kjøkken vart opphengde, nypussa kaffikjel og ein ange av jol over det heile.

Jolafta

Jolafta skulle dei vanlege ting gjerast og vi borna vart pålagde å bera inn ved til omnane i stovene og på lemnen. So skulle også joletreet pyntast, og det fekk vi borna vera med på. Det var stas å finna fram lenker, flagg, jolekuler og spyd i toppen og so alle jolelysa.

Klokka fem gjekk far i ringetornet på gravplassen og ringde inn jola. Vi høyrde ikkje klokken frå kyrkja på Dale. Den reine klokke- klangen og kiminga som tona utover garden fortalde at høgtida var komen.

"Når so klokketonar skjelv, under høge himmelkvelv. Melder malmsterkt tonebære, største høgtidskveld i året."

Mor stelte med mat og pynta bordet med kvit duk og ljøs. Den vanlege maten var lutfisk og risensuppe. Det var høgtid og andakt når mor eller far las juleevangeliet. Sidan kvikte vi jolelysa på treet. Vi song den vene jolesongane som vi var glade i, og ekstra gildt var det når farbror fann fram fela og spela med. Må også fortelja at vesle jolaftan i 1924 fekk me ljøs på Dalegarden. Den jola var ingen krok myrk. Ljøs i alle hus og rom, til og med i floren. Eit hende vi alle hugsar svært godt.

Jolegåvene var for det meste mjuke, men vi fekk også ymse spel. Gutane ynskte seg alltid munnspele og fekk dei ikkje det vart sei sørgjeleg skuffa.

Joledag

Om morgonen joledag tende far i omnen til oss ungane på lemen og til bestefar. Når det hadde vorte varmt kom mor opp med kling, kringle og kakao, som me kosa oss med før me gjekk ned og åt frukost.

Dersom det var preik i kyrkja joledag, gjekk vi dit. Det var vakkert i gamlekyrkja. Eg ser enno for meg koret med den vene altartavla. Engelen utfor grava og kvinnene som stod der. Altarbordet med den kvite fine duken, ljose- stakane og sylvstupa. Døypefonten med fat og mugge i sylv. Den strålende ljosekruna og preike stolen høgt over altertavla, og dei to glasmåleria som var ei råme om koret og bar bod om hyrden og lammet. **"Sjå det Guds lam."**

So hadde vi orgellemen der Andre Ravnstad spela dei vakre julesongane som tona ut over kyrkja, vakkert! Eg saknar gamlekyrkja. I sin enkelheit var ho eit klenodium som skulle vore teke vare på.

Annandag jol

Andre juledag om ettermiddagen samlast familieien. Var det snø sela far på lysborken og fann fram kanesleden og dombjøllekranen. Så gjekk turen til Holhovden, og med borna i kanesleden var det stas over all stas. I gamlestova var det godt og varmt, god plass til oss alle. Jolestemninga dei vaksne

stelte til både for born og vaksne var mest høgdepunktet i jola. Jolemat og joleknask, gong rundt treet, jolespel og leikar,

skjemt og moro. Den lune farfaren var so flink til å fortelja frå sin barndom og om gamledagar.

Fjerde joledag var BARNEDAGEN til minne om at Jesus vart spart frå kong Herodes sin grusomheit. Då hadde vi barnebesøk som mor stelte til for oss. Gode ljose barneminne som me kan fortelja etterslekta vår.

Når eg ser tilbake samlar vi jola og høgtida om Jesaja 9,6 **"For eit barn er oss født, ein son er oss gjeven. Herreveldet kviler på hans aksler og han kallast: Underfull Rådgevar, Veldig Gud, Evig Far, Fredsøste."**

**God jol til lesarane i kyrkjebladet
Helsing Kristi Viksund**

På biletet nedanfor er nokre av dei som var med å feira jol i Samuelstunet på Dalegarden. Biletet er teke i 1931.



Både Kristi Viksund (tv) og Klara Vassenden minnest med glede julefeiring på Dalegarden.

Foto: Ragnvald Kringlebotten





Utdeling av bok til 2. klassingar frå Dale og Stanghelle.

DET ER EG SOM ER STERKAST!

-Faren min er mykje sterkare enn din, så! Kristian geipa og stakk begge hendene i bukse-lomma.

-Neiei! hylte Marius tilbake, for broren min, han kan lyfra opp faren din og kasta han opp i senga.

Det var sant at broren til Marius var sterk. Kanskje endå sterkare enn faren til Kristian. For han var krinsmeister i turn og kunne til og med gå på hendene. Kven trur du var sterkast?

Det fann dei aldri ut. Brått ramla det ei diger bok ned or bokhylla. Marius heldt på å få henne i hovudet. Det var barnebibelen.

-Gurimalla! tenk om eg hadde kome på sjukehus fordi eg fekk Jesus-boka midt i knollen. sa Marius, og så brølte dei av lått begge to.

Men den kvelden tenkte Kristian: No veit eg kven som er sterkast, det er jo Jesus det! Tenk kor liten han var då han vart fødd i stallen. Berre eit lite knøtt. Og likevel var kong Herodes redd han og ville drepa han. Men det greidde han

ikkje. Då Jesus vart vaksen var det også somme som var slemme mot han. Men Jesus visste at han var den sterkaste son nokon gong var fødd. Jesus var sonen til Gud.

Du treng heller ikkje vera redd, der du bur. Alle som trur på Jesus, er på hans parti. Vi feirar jul til minne om at Jesus vart fødd. Ein bitte liten baby - som var den aller sterkaste!

Elisabeth Bjor Aasbø

LAG EIN STJERNE-HIMMEL

Denne er enkel og laga, og han høver like godt i vindauga som over julekrybba.

Du treng to pakkar med gullstjerner (klistremerke på brett). Kjøp ein pakke av kvar storleik. Så treng du ein lang blomsterpinne og kvit sytråd.

Legg blomsterpinnen framfor deg på bordet. Knyt lange trådar fast i pinnen (ulik lengde). Så klistrar du to og to stjerner mot kvarandre med tråden mellom.

Når du er ferdig, kan du hengja stjerne-himmelen opp. Fest pinnen med tråd og teip.



60-års konfirmantar på Dale 24. september.

1. rekke fv. Anlaug Johanna Bruvik Berge, Aslaug Kindem, Anna Hesjedal Dankertsen, Astrid Maria Hesjedal Trettenes, Sønneva Malene Fotland Fossmark og Anna Ravnstad Bergstad. 2. rekke fv. Margit Helle Sætre, Gunnlaug Helga Dale Vågen, Olga Oline Langhelle Vik, Maria Haug Arne, Solveig Andrea Samuelsen og Borgny Helga Fosse Frøland. 3. rekke fv. John Andreas Sellevold, Ruth Andrea Låstad Bolstad, Harald Martin Rasdal, Arvid Reigstad og sp.prest Frode Kvamsøe.

Foto: Ragnvald K ringlebotten



50-års konfirmantar på Dale 24. septmeber.

1. rekke fv. Myrtle Karin Rønhovde Bjerga, Olaug Alice Aronsen Runhovde, Erna Langhelle Haugland og Kirsten Maria Grøtta Takvam. 2 rekke fv. Edvard Johan Johansen, Aud Lilleskare Veka, Torbjørg Lie Johansen, Bjørgfrid Dalseid Rønning og Astrid Sæterdal Johnsen. 3. rekke fv. Simon Hvidtsten, Kristian Helle, Øivind Johan Sellevold, Eilev Hesjedal og sp.prest Frode Kvamsøe

Foto: Ragnvald Kringlebotten



50-årskonfirmantar i Vaksdal kyrkje 1. oktober 1995

Bak f.v.: Bjørg Hermundsdal Vågenes, Hild Kvalvaag Takle, Egil Trygve Thom, Nora Rønhovde Kvamme, Thomas Krogsrud, Mary Evelyn Faugstad Herfindal, Anton Knutsen.
Framme f.v.: Marit Hausle, Gudrun Hansen Eiken og Ragnhild Margrethe Nordby Brekke.

(Foto: Bjørn Knutsen)



50-årskonfirmantar på Stamnes 9. september.
Fv. Rigmor Mellesdal Helland, Aud Ragna Straume Helland, Albert Jakobsen, Herborg Brørvik Lillebø og Guri Jorunn Stamnes Rivenes Kvamme.

Foto: Anne Margrete Eikefet



Utdeling av bøker til 4-åringar på Eidsland 15. oktober.

Foto: Anne Margrete Eikefet

SIVILARBEIDAR

Kjartan Gullbrå skal frå november i år til byrjinga av 1997 vera sivilarbeidar i Vaksdal prestegjeld. Han skal arbeida i kyrkjelydane og i Norges Samemisjon.

På ei samling om ungdomsarbeidet på Stanghelle bedehus la Kjartan fram kva han skal driva på med som sivilarbeidar. Det er Nattkafear, ungdomskveldar og ungdomssamlingar.

Nattkafèane er tenkt lagt til Vaksdal og Dale bedehus med samling to gonger i månaden.

Ungdomskveldane er tenkt lagt til Vaksdal bedehus 3-4 fredagar i månaden når det ikkje er nattkafe på Vaksdal. På ungdomssamlingane er det tenkt at ungdomane skal få eit åndeleg og sosialt fellesskap med undervising, bønnefellesskap og utfordringar.

Ungdomssamlingane er tenkt lagt til Eksingedalen to laurdagar kvart halvår. Det er også vurdert å ha ungdomssamlingar på Stamnes.

Oppgåva til Kjartan vert å administrera og tilretteleggja det heile. I tillegg skal han hjelpe til med konfirmantarbeidet og i barnelaget på Vaksdal.

Det vart understreka at skal desse planane kunna realiserast treng Kjartan medhjelparar som er villige til å gjera ein innsats for ungdommen. I dag er det mest ikkje noko kristent ungdomsarbeid utanom skulelaget på Dale ungdomsskule.

Når det gjeld tid og stad for dei ymse tiltaka får de sjå etter oppslag og annonser.

R.K.



Kjartan Gullbrå

KONDISJONSTEST

Fylgjande vesle prøve stammar frå eit amerikansk kyrkjelydsblad: "Hald firkanten nedanfor opp for andletet dykkar og pust på den. Dersom den vert grøn bør de tilkalla lege. Dersom den vert brun bør de tinga time hjå tannlegen. Dersom den vert gul bør de gå til psykiatar. Dersom den vert raud bør de snakka med dykkar banksamband. Dersom den vert svart bør de henvendast til ein advokat og få skreve testamentet.

Dersom den held same fargen som den har, er de i fin form, og det er ingen som helst grunn til at de ikkje skulle kunna gå i kyrkja komande søndag."

UTGJEVINGAR 1996

Nr. 1, veke 7, Februar,
(Fastenummer)

Nr. 2, veke 13, Mars, (Påskenummer)

Nr. 3, veke 21, Mai, (Pinsenummer)

Nr. 4, veke 26, Juni

Nr. 5, veke 36, September

Nr. 6, veke 42, Oktober Nr. 7, veke 50,

Desember (Julenummer)

JULEKONSERT


Torsdag 21. september vert julekonserten "Stille Natt, Hellige Natt", halde i Dale kyrkje. Dei som skal vera med er Roar Engelberg, kjend panfløytemusikar, Roaldn Utbult, svensk songar, Bodil Arnesen, songar, Carl Utbult som spelar tangentinstrument, Mads Grønner, gitarist og Sigbjørn Apeland på Orge. Dessutan tek presten Karsten Isachsen del.

Denne konserten er vorten ein fast førejulshending i Noreg. I 1994 fekk meir enn 30 tusen menneske oppleve denne vakre og feststemde førjulskonserten.

Så legg vegen til Dale kyrkje denne kvelden. Sjå oppslåg for tidspunkt.



Roland Utbult



Karsten Isachsen



Roar Engelberg



Bodil Arnesen



RASTEPLASSEN

Rasteplassen er namnet på ei nynorsk andaktsbok som vert gjeve ut på Hanne Forlag i Stryn. Det er tjueto ulike forfattarar, både kvinner og menn. Aldersmessig strekkjer forfattarane seg frå slutten på tjuetalet og til etter pensjonsalder.

Boka er innbunden og kostar 158,- kr.

Dersom nokon er interessert i å kjøpa denne andaktsboka kan de ta kontakt med:

Liv Stokke Sellevold tlf. 56 59 61 72

SLEKTERS GANG

DØYPTE



ØSLAND (retting frå nr.5-95)

09.07 Tonje Møster Larsen

09.07 Christoffer Møster Alvarez

DALE

08.10 Aleksander Bukkestein Trohjell

22.10 Andrine Sellevold

19.11 Isabel Fenne Reed

STAMNES

12.11 Joakim Johnsen Davidsen

VAKSDAL

12.11 Martin Fjellby Sæterdal


...at dei må verta verande hjå Kristus når dei veks opp, liksom dei ved dåpen er innpota i han.

VIGDE



VAKSDAL

16.09 Heine André Jordal og Rente Helgesen, vigde i Herøy kyrkje



...at dei må halda trufast saman og hjelpa kvarandre fram mot det evige livet.

AVLIDNE



DALE

11.10 Knut Haug, f.1915

STAMNES

19.10 Einar J. Straume, f. 1920

EIDSLAND

05.11 Gjertrud Nesse, f. 1908

VAKSDAL

06.10 Amalie Boge, f. 1900

13.10 Henry Nilsen, f. 1910

30.10 Laura Olsnes, f. 1906

20.11 Johannes O. Herfindal, f. 1920

...at me må læra å telja våre dagar, så me kan få visdom i hjarta.

HAR DU DET VANSKELIG?



Kirkens SOS / Bjørgvin

HELE DØGNET: 55 32 32 00

TEKSTTELEFON FOR DØVE: 55 32 56 97

BANKGIRO: 7400.05.05424 POSTGIRO: 0808 5 30 0009

VELKOMEN TIL KYRKJE

Fredag 15. desember

DALE kl.19. Julekonsert . Abelsæth.

Laurdag 16. desember

STAMNES kl.17. Lysmesse/konsert. Kvamsøe

17. desember - 3. søndag i advent

EIDSLAND kl.11. Fam.gudst. Abelsæth. Offer til Norsk Luthersk Misjonssamband.

VAKSDAL kl.18. Julekonsert. Kvamsøe.

24. desember - Julaften

EKSINGEDALEN kl.11. Fam.gudst. Kvamsøe.

Offer til Det Norske Bibelselskap.

STAMNES kl.13. Fam.gudst. Abelsæth. Offer til Kirkjens Nødhjelp.

DALE kl. 15 og 16. Fam. gudst. Kvamsøe.

Offer til Dale Indremisjon - Bedehuset.

VAKSDAL kl.15.30. Fam.gudst. Abelsæth.

Offer til Kirkens Nødhjelp.

25. desember - 1. juledag

DALE kl.11. Høgtidsgudst. Abelsæth. Nattverd.

Offer til Menighetsfakultetet.

VAKSDAL kl.11. Høgtidsgudst. Kvamsøe.

Nattverd. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

26. desember - 2. juledag

BERGSDALEN kl.11. Høgtidsgudst. Kvamsøe.

Offer til Evangeliesenteret.

STAMNES kl.11. Høgtidsgudst. Abelsæth.

Nattverd. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

NESHEIM kl.16. Høgtidsgudst. Kvamsøe.

Nattverd. Offer til Det Norske Misjonsselskap, Bergen krets.

EIDSLAND kl. 17. Høgtidsgudst. Abelsæth.

Nattverd. Offer til Kirkens SOS.

31. desember - Nyårsaften

DALE kl.23.15. Kvamsøe

1. januar - Nyårsdag

VAKSDAL kl.18. Kvamsøe.

7. januar - Kristi openberringsdag

DALE kl.11. Vikar.



14. januar - 1.sønd. e. Kristi openberringsdag

VAKSDAL kl.11. Gudsteneste m/ innsetting.

Dyrhol, Knudsen og Kvamsøe. Velkomstfest.

21. januar - 2. søn. e. Kristi openberringsdag

STAMNES kl.11. Dyrhol.

EKSINGEDALEN kl.11. Kvamsøe.

DALE kl.18. Kvamsøe.

28. januar - Vingardssøndagen

VAKSDAL kl.11. Kvamsøe.

BERGSDALEN kl.11. Dyrhol.

4.februar - Såmannssøndagen

DALE kl.11. Dyrhol.

NESHEIM kl.16. Kvamsøe.

11.februar - Kristi forklåringsdag

STAMNES kl.11. Fam.gudst. Dyrhol.

Utdeling av "Godt Nytt" til 4.klasse.

VAKSDAL kl.17. Fam.gudst. Dyrhol.

Utdeling av "Godt Nytt" til 4.klasse.

STANGHELLE kl.18. Fam.gudst. Kvamsøe.

